



Arkivnr: 2014/22155-9
Saksbehandlar: Katharine Louise Clarke

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		01.02.2018

Etablering av eit sekretariat for Nordsjøkommisjonen på Vestlandet

På generalforsamlinga i Nordsjøkommisjonen i juni 2017 blei det vedtatt å sende ut ei utlysing til alle medlemsregionane om å vere vertskap for Nordsjøkommisjonen (NSC) sitt sekretariat i perioden 01.06.2018 - 31.12.2021. Det blei og opna for at fleire regionar kan ta på seg oppgåva i fellesskap.

Vestlandsrådet gjekk 25. oktober 2017 inn for at fylkeskommunane på Vestlandet skulle melde si interesse for å ta på seg rolla som vertsskap for eit NSC sekretariat, anten ved at eit fylke eller Vestlandsrådet i fellesskap skulle søkje om dette innan fristen 20. desember 2017.

Vestlandsrådet ser det som ein føresetnad at alle norske medlemsregionar/fylkeskommunar medverkar i eit spleiselag på finansieringssida der kostnadene blei delt likt på fylka, og sekretariatet for Vestlandsrådet fekk i oppgåve å klargjere dette fram mot søknadsfristen. På bakgrunn av dette blei det sendt ein skriftleg førespurnad til dei norske medlemsfylka om medfinansiering av sekretariatet.

Sjølv om ikkje fristen for tilbakemelding 1. februar er gått ut, veit vi allereie at det ikkje er tilstrekkeleg tilslutning frå dei norske medlemsfylka til å etablere eit NSC sekretariat på Vestlandet etter denne modellen. Det er kome to svar på denne førespurnaden. Vestfold er positive til eit sekretariat på Vestlandet, men vil avgrense si støtte til 50-60 000 kroner per år, som er på same nivå som då Hordaland hadde sekretariatet. Agder ønskjer å støtte ein søknad frå noverande sekretariatsregion, Vestra Gøtaland, om å vidareføre NSC sekretariat i den komande perioden.

Fylkesutvalet blir likevel bede om å ta stilling til saka basert på opprinneleg føresetnad om lik fordeling av kostnadene. Vestlandsrådet skal ta endeleg stilling til spørsmålet om eit sekretariat på Vestlandet på neste møte.

Økonomi: Ved lik deling av berekna kostnadar mellom alle fylka, vil eit positivt vedtak medføre ein meirkostnad og løyving på om lag 75 000 kroner i 2018 og 150.000 per år 2019-2021.

Klima: Saka har ingen effekt på klima og miljø

Folkehelse: Saka har ingen effekt på folkehelse

Regional planstrategi: Å styrke gjennomslagskraft i Europa er ein strategi under regional planstrategi.

Gjennom eit tettare samarbeid på Vestlandet skal fylkeskommunen ta større ansvar for internasjonalt arbeid gjennom deltaking i europeiske organisasjonar på politisk og administrative nivå.

Forslag til vedtak

Fylkesutvalet ynskjer ikkje at sekretariatet skal leggst til Hordaland. Dette ut frå at dette vil være ei ny oppgåve med økonomikonsekvensar. Ynskjer ein anna fylkeskommune å ta på seg vertskapsrolla som sekretariat for Nordsjøkommisjonen, er Fylkesutvalet positiv til å vidarefører dagens støttenivå frå HFK på ca. kr 50 000 NOK.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Bård Sandal
fylkesdirektør regional utvikling

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 02.01.2018

Bakgrunn

Nordsjøkommisjonen (NSC) har over lengre tid drøfta korleis dei skal få på plass ei meir demokratisk og berekraftig organisering, inkludert drift av sekretariatet. I dag følgjer sekretariatet presidentvervet, dvs. at det er den medlemsregionen som til ei kvar tid har presidentvervet som etablerer eit sekretariat og dekkjer kostnadane for dette. Dette har ført til eit «demokratisk underskot» ved val av president, då ei rekkje regionar ikkje har økonomi til å stille sekretariat til rådvelde. Dei siste åra har det vore skifte av president og sekretariat etter kvar toårsperiode, noko som har gått utover framdrifta i kommisjonen sitt arbeid.

Nordsjøkommisjonen har vurdert å auke medlemsavgifta for å kunne finansiere eit permanent sekretariat. Det har vore sterk motstand mot dette blant medlemene. Nordsjøkommisjonen har førebels valt å ikkje auke medlemsavgifta, for å hindre utmeldingar frå organisasjonen.

På bakgrunn av dette har ei arbeidsgruppe nedsett av styret i Executive Committee, føreslått å skilje presidentvervet og sekretariatfunksjonen, og at ein opnar for at medlemsregionane kan søkje om å vere vertskap for sekretariatet.

Generalforsamlinga vedtok i juni i 2017 å sende ut ei utlysing til alle medlemsregionane om å vere vertskap for eit permanent sekretariat i perioden 01.06.2018 - 31.12.2021. Det blei og opna for at fleire regionar kan ta på seg oppgåva i fellesskap. Det er sett av noko midlar i NSC sitt budsjett til å dekke ein del av kostnadene, men storparten av kostnadene vil framleis vere basert på eigenfinansiering. På generalforsamlinga i 2021 vil det vere mogleg å velje ei anna organisering eller for andre regionar å ta over sekretariatet.

Vestlandsrådet vedtok i møte 25. oktober 2017 (sak 23/17) at fylkeskommunane på Vestlandet skal melde si interesse for å ta på seg rolla som permanent sekretariat i Nordsjøkommisjonen (NSC), anten ved at eitt fylke eller Vestlandsrådet i fellesskap søker om dette innan fristen 20. desember 2017. Vestlandsrådet så det vidare som ein føresetnad at alle norske medlemsregionar/fylkeskommunar medverkar i eit spleiselag på finansieringssida. Sekretariatet for Vestlandsrådet fekk i oppgåve å klargjere dette fram mot søknadsfristen.

I det norske formøtet til Executive Committee 17.10.2017 vart det orientert om at etablering av eit permanent sekretariat skulle vere sak på Vestlandrådet sitt møte 25.10.2017. Dei norske medlemene som var tilstades uttrykte at dei var positivt innstilte til å vere med på eit spleiselag for eit norsk sekretariat. På bakgrunn av dette tok sekretariatet i Vestlandsrådet kontakt med alle dei norske medlemsfylka om å vere med å finansiere eit sekretariat på Vestlandet der kostnadene blei delt likt på fylka. Det er kome to svar på denne førespurnaden. Agder ønskjer å støtte søknaden frå Vestra Gøtaland om å etablere eit NSC sekretariat den komande perioden. Vestfold er positive til eit sekretariat på Vestlandet, men vil avgrense si støtte til 50-60 000 kroner per år, som er på same nivå som då Hordaland hadde sekretariatet.

Politisk og administrativt utbytte

Vertskapsrolla for sekretariatet i NSC vil kunne gje moglegheiter for større påverknad og nettverksbygging for dei norske regionane og spesielt vestlandsfylka. Dette er spesielt viktig i og med at Noreg står utanfor EU.

Fylkeskommunane på Vestlandet har ei klår politisk rolle gjennom verv i internasjonale nettverk og organisasjonar som gjev ein direkte kanal for påverknad inn mot EU-systemet. Hordaland stilte sekretariat i den perioden som tidlegare fylkesordførar Tom-Christer Nilsen var president (2014-16). For Hordaland var det eit strategisk grep å stille president og sekretariat i NSC for å påverke rammevilkåra på vegne av Hordalandssamfunnet. Det å ha sentrale politiske verv kan gje moglegheit til å setje agenda og det gjev tilgang til nettverk og ein informasjonsflyt frå EU-systemet som norske fylke vanlegvis ikkje har. Dette kan nyttast som eit verktøy i regional utvikling.

Vestland fylke har no høve til å posisjonere seg i Europa ved å utforske moglegheitane for i fellesskap å etablere eit permanent sekretariat på Vestlandet. Det vil sikre kontinuitet ved å gjere nytte av kunnskap og nettverk bygd opp over fleire år, gjennom erfaring med president og sekretariat og andre verv i organisasjonen. Med eit aukande fokus på fylkesovergripande oppgåver, er det internasjonale feltet eit døme der ein står sterkare saman.

Noreg, utanfor EU, har få formelle kanalar for å påverke EU sin politikk. Dei uformelle kanalane vert difor viktige å nytte på ein god måte. Eit permanent sekretariat på Vestlandet vil sikre direkte link til EU-institusjonane som fylkeskommunane kan nytte seg av for å få betre innsikt i EU sin agenda, særleg i ein tidleg fase der ein kan påverke utfallet av prosessane. Regionale politikarar er dørøpnarar for lokalt næringsliv og forskingsmiljø. Eit nærvær gjennom eit permanent sekretariat vil også gjere vestland fylke meir synlege på den europeiske agendaen. Over år har vestland fylke bygd opp eit aktiv engasjement i Nordsjøkommissjonen og CPMR, noko som gjev eit godt utgangspunkt. I tillegg vil NSC ha ei viktig rolla i framtida når Storbritannia forlèt EU. Det vert desto viktigare at landa rundt Nordsjøen har ei felles plattform for dialog og samarbeid. Vestland fylke vil vere i betre posisjon til å påverke desse prosessane dersom dei har ansvaret for sekretariatet i denne perioden.

Eit NSC sekretariat på Vestlandet må organisatorisk leggjast til eit av vestland fylke. Hordaland fylkeskommune har allereie erfaring med å leie sekretariatet i ein to års periode. Både kompetansen og mykje av nettverket er framleis tilgjengeleg. I tillegg er Hordaland fylkeskommune nasjonalt kontaktpunkt for Interreg Nordsjøprogrammet som er tett knyttet opp mot Nordsjøkommissjonen. Hordaland fylkeskommune er og representert på administrativt nivå både i «steering committee» og «monitoring committee» for Nordsjøprogrammet. Dette gjer Hordaland godt rusta til å ta på seg ei slik oppgåve på vegne av Vestlandsrådet.

Finansiering av eit norsk sekretariat på Vestlandet

Spørsmålet om økonomisk støtte til sekretariatsfunksjonen er ikkje nytt i norsk samanheng. Telemark fylkeskommune dreiv sekretariatet frå 2004 til 2012 då dei hadde presidenten. Då vart ein modell for norsk spleiselag oppretta der alle medlemsregionane medverka med kr. 50 000.- per år. Hordaland fylkeskommune vidareførte denne modellen då dei dreiv sekretariatet frå 2014 til 2016. Desse bidraga, til saman 500 000 kroner, dekkar ikkje fullt ut alle kostnadene til drift av sekretariatet. Hordaland fylkeskommune rekna at drifta årleg kosta omlag 2 mill.kr, hovudsakleg lønskostnader for to tilsette. Nordsjøkommissjonen dekkar utgifter til reiser og møter.

Praksis fram til i dag tilseier at sekretariatet bør ha 2 stillingar for å kunne drive Nordsjøkommissjonen sitt arbeid på ein tilfredsstillande måte. Det er samla sett av € 48 000 i NSC sitt budsjett for 2018 (om lag 440 000 kroner) til drift av sekretariatet. Det betyr at 1 560 000 kroner må dekkas av vertskapsregionen. Per i dag er det 11 fylkeskommunar som er medlem av NSC. Dersom kostnadene skal deles likt på dei norske medlemsfylke, må kvart fylke bidra med om lag 75 000 kroner i 2018 og 150 000 kroner årleg i perioden 2019-2021. Vi legg då til grunn at Nordsjøkommissjonen vidarefører dagens praksis med å dekke utgifter til reise, hotell og diett for sekretariatet etter reiserekning.